



ÅRSMELDING FOR EIDFJORD FJELLSTYRE 2007

Årsmeldinga omfattar fylgjande hovudpunkt:

1. Økonomisk del

2. Viltforvaltning

2.1 Villreinformvaltning

2.2 Småviltforvaltning

3. Fiskeforvaltning

3.1 Fiskeutsetting

3.2 Prøvefiskeresultat

3.3 Garnfiskestatistikk

3.4 Kalking

3.5 Anna fiskekultivering

4. Fjellstyrehyttene

4.1 Hyttestyret

5. Beiteleiga

6. Anna

1. Økonomisk del

Eit utdrag av rekneskapsresultatet for 2006 og 2007 viser fylgjande hovudpostar for inntekter og utgifter:

INNTEKTER	2006	2007	UTGIFTER, DRIFT	2006	2007
Salsinntekt	765 658	524 183	Lønnskostnader	33 719	29 311
Anna driftsinntekt	15 220	9 970	Avskrivningar	2 350	2 350
Renteinntekt	64 606	88 729	Anna driftskostnad	301 854	361 372
Årsresultat	451 649	229 848			
Bankinnskot	2 631 719	2 244 096			

Inntektene:

- Største inntektspostane er sal av småviltjakt, villreinjakt, fiske, reguleringserstatningar, turkart og festeinntekter.
- Inntektsnivået er redusert som følgje av lågare kvote til villreinjakt og at provisjon for fiskekort ikkje vart ført i 2006, men på 2007.
- Fiskekortsalet har gått noko ned, dette skuldast nok veret.
- Anna driftsinntekt omfattar leigeinntekter frå fjellstyrehyttene.
- Inntekt frå beiteleiga er ikkje med i resultatet pga at beiteleiga ikkje vart fastsett før på nyåret 2008.

Utgiftene:

- Største utgiftspostane er kjøp av tenester frå Hardangervidda fjelloppsyn, tilskot til samarbeidsorganet for fjellstyra på Hardangervidda og fellingsavgift.
- Andre faste kostnader er lønskostnader som omfattar styrehonorar og forsikringspremiar.

Årsresultat:

- Førebels årsresultat viser kr 221 800 i lågare inntekter i 2007. Dette skuldast vesentleg lågare inntekt frå villreinjakt og fiske, og noko høgare driftskostnader på dei fleste postane.

Investeringar:

- Nye fjellstyrehytta på Gamla Sandhaug vart bygd ferdig i mai. Samla er det investert om lag 1,166 mill kr i hytta. Ung i arbeid vaska ned og lakkerte innvendig. Veret sette eit hinder for planlagt beising. Til tross for denne store investeringa har fjellstyret ein solid økonomi.

2. Viltforvaltning

2.1 Villreinforvaltning

Planen for oppbygginga av villreinstamma på Hardangervidda er følgd for 2007. Samla kvote vart sett til 1 800 fellingsløyve, fjellstyret var tildelt 124 fellingsløyve. Samjaktordningar med private vald i Eidfjord gav ei gjensidig samjakt nord for Nordmannslågenvassdraget. Fjellstyret disponerte 25 % av kvota til dei private valda som kompensasjon for denne ordninga. I tillegg var det samjaktordning med Ullensvang fjellstyre der 10 jegerar hadde høve til å bruka Eidfjord statsallmenning sør for Nordmannslågenvassdraget og visa versa.

Det vart felt 59 dyr på kvota til fjellstyret. Totalt for kommunen vart det felt 89 dyr, truleg vart det meste felt på statsallmenningen.

Jakttida var satt til 20.08-23.09, samordna med andre område.

2.2 Småviltforvaltning

Statistikken for småviltjakta viser felte ryper pr jeger på grunnlag av innkomne rapportar.


Jegerdøgn/km² er eit mål for kor hardt jakttrykk det er på rypestamma.

Småviltområde	1994	1995	1996	1997	1998	1999	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007
Område 1														
rype/jeger	9,8	4,6	9,5	7,0	9,2	6,0	3,3	6,7	3,3	3,3	7,5	7,0	4,2	4,9
jegerdøgn/km ²	0,9		1,2	0,7	0,2	0,4	0,7	0,5	0,6	0,8	0,9	0,7	1,1	1,5
Område 2														
rype/jeger	9,0	3,1	5,6	5,2	10,3	6,2	3,3	8,5	7,8	2,0	3,5	3,8	4,0	5,7
jegerdøgn/km ²	1,6		1,3	0,9	0,3	1,7	0,9	0,9	0,4	1,1	1,6	1,1	1,1	1,5
Område 3														
rype/jeger	3,8	1,9	4,1	3,9	5,8	3,7	4,1	4,4	5,5	2,0	3,3	2,7	2,4	3,5
jegerdøgn/km ²	2,2		1,9	1,5	0,5	1,3	0,6	1,5	1,5	1,4	1,7	0,8	1,2	2,0

Fjellstyret har samarbeid med Norsk Breton klubb avd. Hordaland om taksering av rypestamma i forkant av jakta. Resultatet viste ein tettleik på 8 ryper/km² (6-12 innanfor 90% sikring) og 2,6 kyllingar/høne.

3. Fiskeforvaltning

Garnfiskestatistikken viser god avkastning, sjølv om fangstsinnsatsen er gått noko ned ligg fangstane over nivået frå før 2003.



Til saman var det 97 som hadde løyst garnfiskekort. Fjellstyret ser på statistikken her som viktig dokumentasjon på bruk av fiskerettane og grunnlaget for næringsutnytting.

3.1 Fiskeutsetting

Det vart ikkje sett ut fisk i vatn eller tjørn i allmenningen i 2007.

Det er og i 2007 rapportert om fangstar av merka fisk i Tinnhølen. Dessverre medfører merketypen at fisken lett fester seg i garn og delvis sliter merket ut av ryggen. Det er god tilvekst på rapporterte gjennfangstar.

3.2 Prøvefiskeresultat

Fylgjande vatn og tjørn vart prøvefiska i 2007;
Svartavatnet, Nordmannslågen, Heisanntjørn og Svartavasstjørn.

Tiltak og konklusjonar frå dei enkelte prøvefiske:



Svartavatnet

Prøvefisket viser ein stabil situasjon med tilstrekkeleg rekruttering. Vatnet treng haustast for å betra kvaliteten på fisken.

Konklusjon/tiltak

- Fiskestamma ser ut til å gje ei årleg avkasting på om lag 100 kg.
- Det er ikkje naudsynt med utsetjingar i vatnet.

Nordmannslågen




Resultat/konklusjon

- Delen småfisk synest å vera tilstrekkeleg for naturleg rekruttering til Lågen slik beskatninga er no.

- Den høge andelen fisk med bendelmark bør følgjast opp med nærare utgreiing av årsak.
- K-faktoren er god. Kvaliteten på fisken er god og det tyder ikkje på det er behov for endring av kultiveringspraksis.
- Garnfiskestatistikken viser bra avkasting til tross for nedgang i fangsttinningsatsen.

Heisanntjørn



Tiltak/resultat:

- Fordeling av fangst på lengdegrupper viser tilstrekkeleg med småfisk.
- Det er ikkje teikn til vekststagnasjon i det undersøkte materialet av fangsten.
- Det er ikkje teikn til dårlegare kvalitet på den eldre fisken mot den yngre.


Svartavassjørn

Prøvefiske vart gjennomført for å evaluera effekt av tynningsfiske. Det er teikn til betring og at tynningsfisket gjev effekt.

Bestanden i Svartavassjørn er svært tett og den treng tynning. Det er vanskeleg å bygge opp stamma av marflo og skjoldkreps med så mykje fisk i vatnet. Interesse for fiske vert og låg med dårleg fiskekvalitet. Tynnings- og prøvefiske i 2007 tok ut ca 42 kg, dette utgjer om lag 1 kg/ha.

3.4 Kalking

Kalkinga av Svartavatnvassdraget fortsetter i redusert form i 2007. Det vart ikkje kalka med kalkgrus. Overvaking av vasskvaliteten er vidareført og viser stabil situasjon, her illustrert med utviklinga for pH frå utløpet av Drageidfjorden.



3.5 Anna fiskekultivering

Det er ikkje registrert sprenging av ørekyte. Det er kontrollert med ruser i tjørn aust for Stigstuv. I Hætjørn finst ørekyta, her vart det teken ut om lag 8 liter ørekyte med bruk av ruser.

4. Fjellstyrehyttene

Fjellstyrehyttene vert leigd ut etter avtale/søknad for påsken og sumarferien. I reinsjakta kan hyttene ikkje reserverast. Bruken kan dokumenterast gjennom hyttboka, men er i ulik grad med i statistikken under.

Det er ikkje teke omsyn til om det er born eller vaksne i omgrepet "persondøgn". Både vaksne og born er rekna som overnatting for ein person i eit døgn i statistikken under. Dessverre er ikkje statistikken fullstendig, dette skuldast at det ikkje vert betalt for opphaldet på hyttene og at det vert unnlate å skriva i hyttboka. Det er og kome inn oppgjer for overnatting der hytta ikkje er spesifisert.

Hytte	Persondøgn i 2003	Persondøgn i 2004	Persondøgn i 2005	Persondøgn i 2006	Persondøgn i 2007
Gamla Sandhaug	4	3	18	Ikkje utleigd	15
Tinnhølen	80	56	34	47	36
Krobu	50	29	17	18	47
Stigstuv	0	4	10	0	0
Viersla	4	0	2	16	
Langavasshadle	49	16	1	20	

4.1 Hyttestyret

Hardangervidda fjelloppsyn har stått for det meste av arbeidet med hyttene utanom nybygging. Det har ikkje vore større arbeid med fjellstyrehyttene utanom den nye hytta på Gamla Sandhaug og at oppsynet gjorde ein reoperasjon av hyttetaket på steinbua i Langavasshadlet.

5. Beiteleiga

Halne beitelag er på nytt gjeve høve til ny kontrakt om beiteleige med fjellstyret. Det er Statens Landbruksforvaltning som har fatta vedtaket.

6. Anna

- Hardangervidda Fjelloppsyn A/S (HF as) har utført oppgåver i tråd med vedteke budsjett.
- Liv Myklatun er styremedlem til styret for Hardangervidda fjelloppsyn AS.
- Aslak Myrvang har vore styremedlem til Noregs Fjellstyresamband og representert regionen; Sogn og Fjordane, Hordaland, Rogaland og Aust-Agder.
- Avtala med Ullensvang om fiske sør for midtlina i Nordmannslågenvassdraget er vidareført.

Eidfjord fjellstyre

Lars Kristian Eidnes

- s -

Liv Myklatun

- s -

Vidar Riber

- s -

Anne Myklatun

- s -

Anders Vaksdal

- s -

Samson Hamre

- s -

Hildegunn Espe

- s -